

Innspel frå Nordfjord vassområdeutval til Vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022-2027.

Dette dokumentet tar utgangspunkt i ein mal frå Miljødirektoratet med tilføyningar frå Vestland vassregionstyresmakt. Deler av malen er klipt vekk, men figur- tabell- og avsnittsnummerering frå malen er beholdt, og framstår difor av og til ulogisk.

Teksten frå malen med tilføyningar frå vassregionen står på grå bakgrunn.

Tekst som er spelt inn frå Nordfjord vassområdeutval står på kvit bakgrunn.

1 Vi treng ein plan for vatnet (planbeskriving)

Forholdet mellom planen og dei gjeldande rammene og retningslinjene:

a) Naturmangfaldlova

Planen skal vere i tråd med naturmangfaldlova kapittel II, som inneheld alminnelege føresegner om berekraftig bruk. Vurdering av om planen er i tråd med dei miljørettslege prinsippa (§§ 8 til 12), skal komme fram i planen.

Naturmangfaldlova § 8: Kunnskapsgrunnlaget

For å auke kunnskapsgrunnlaget til framtidige vassforvaltningsplanar, ønskjer Nordfjord vassområdeutval å oppmode til at ein ser på samanhengen mellom vern av område og miljøtilstand i tilhøyrande vassdrag, for å sjå om vernet har effekt.

Vassområdeutvalet viser til tekst om naturmangfaldlova i gjeldande regionale vassforvaltningsplan for 2016-2021, vedlegg 1, og ønsker teksten vidareført til komande plan for 2022-2027 med eventuelle oppdateringar.

Utdrag frå Regional vassforvaltningsplan for Sogn og Fjordane 2016-2021, Vedlegg 1:

Vurdering etter naturmangfaldlova

I samsvar til naturmangfaldlova *Kapittel II. Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk* skal planar vurderast etter forvaltningsmål for naturtypar og artar i Noreg og «*prinsippar for offentlig beslutningstaking*» (jf. §§ 4-5 og 8-12). Vurderinga skal kome fram i avgjersla.

Regional vassforvaltningsplan for vassregion Sogn og Fjordane fastsett miljømål for alle vassførekomstane i vassregionen. Planen legg opp til ein berekraftig bruk av vassførekomstane med ein god balanse mellom bruk og vern. Fylkeskommunen vurderer det difor slik at den regionale planen ikkje er til hinder for å nå forvaltningsmåla for naturtypar og artar i Noreg.

Planen er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12, dermed er kapittel II i naturmangfaldlova om bærekraftig bruk ivareteke.

Grunngjevinga for denne vurderinga er nærare forklart under.

Meir om dei enkelte prinsippa

Fylkeskommunen vurderer det slik at §§ 11 til 12 i naturmangfaldlova ikkje er relevante i denne saka, då vi går ut frå at dette vert ivareteke på lågare plannivå og i den vidare sakshandsaminga i sektoren. Fylkeskommunen forstår det slik at kostnadane ved enkelttiltak vert dekkja av tiltakshavar, jf. nml § 11, og at miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar vert brukt ved gjennomføring av tiltak, jf. nml § 12. Dette er i samsvar med *forskrift om rammer for vassforvaltninga* (vassforskrifta).

Kunnskapsgrunnlag § 8

Det kjem av § 8 første ledd i naturmangfaldlova at avgjersler som verkar inn på naturmangfaldet skal byggast på vitskapeleg kunnskap så langt som det er rimelig. Desse skal innehalde bestandssituasjonen til artane, den økologiske tilstanden og utbreiing til naturtypen, samt effekt av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget i saka skal stå i eit rimeleg forhold til karakteren og risikoen for skade på naturmangfaldet.

Kunnskapsgrunnlaget for *Regional vassforvaltningsplan for vassregion Sogn og Fjordane* er basert på ei omfattande kunnskapsinnhenting. Kunnskapen om vassførekomstane er samla i Vann-nett og gjort tilgjengeleg for alle. Vassforskrifta legg opp til ei systematisk

forbetring av kunnskapsgrunnlaget. Men for at dette skal verte så optimalt som mogleg er det avhengig av ei rekke forhold.

Sett i samband med det overordna nivået til planen, vurderer fylkeskommunen det slik at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande nok til å fatte vedtak i saka.

Føre-var-prinsippet § 9

Føre-var prinsippet seier at når ei avgjer vert teken utan tilstrekkeleg kunnskap om verknadar den kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå moglege vesentleg skade på naturmangfaldet. Naturmangfaldlova presiserer vidare at om det ligg føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngjeving for ikkje å treffe ei avgjersle.

Som skildra ovanfor, finn Sogn og Fjordane fylkeskommune kunnskapsgrunnlaget tilfredsstillande til å fatte vedtak i saka. Planen omfattar ikkje konkret arealbruk, men fastset miljømål som skal leggst til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen. Desse skal bygge på eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Forvaltningsplanen gir klare regionale og statlege føringar til kommunane i vassregionen og skal samordne og gi retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Etter vår vurdering gir ikkje innhaldet til planen risiko for vesentleg skade på naturmangfaldet. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner difor at planforslaget tek i vare føre-var-prinsippet.

Fylkeskommunen vil understreke at for arealplanlegging på eit lågare plannivå (arealdelen til kommuneplanen, reguleringsplanar, konsesjonssaker og liknande) må dette vurderast nærare og supplerast.

Økosystemtilpassing og samla belastning § 10

Naturmangfaldlova seier at verknaden på eit økosystem skal vurderast ut frå det samla presset som økosystemet er eller vil verte utsett for. Det betyr at fylkeskommunen har vurdert konsekvensane av planen når det gjeld økosystemtilpassing og samla press i forhold til miljømåla i planen. *Regional vassforvaltningsplan for vassregion Sogn og Fjordane* fastsett miljømål som legg til rette for berekraftig bruk av vassførekomstane basert på ein økosystemtankegang.

Fylkeskommunen vurderer det slik at planen sikrar at nye tiltak skjer innanfor ei berekraftig ramme. Dermed er omsynet til økosystemtilpassing og samla press, på eit overordna nivå ivareteke.

Fylkeskommunen vil understreke at for arealplanlegging på eit lågare plannivå (kommuneplanens arealdel, reguleringsplanar, konsesjonssaker og liknande) må dette vurderast nærare og supplerast.

b) Nasjonale føringar for arbeidet med å oppdatere dei regionale vassforvaltingsplanane

Klima- og miljødepartementet har i samråd med aktuelle departement utarbeidd nasjonale føringar for arbeidet med å oppdatere vassforvaltingsplanane. Dei nasjonale føringane skal mellom anna bidra til å avklare målkonfliktar. Det følgjer av vassforskrifta at den oppdaterte vassforvaltingsplanen skal vere i tråd med føringane.

I tillegg til fellesføringar om kva ulike myndigheiter skal bidra med i arbeidet, blir det gitt føringar for arealplanlegginga i kommunen, avløp, påverknad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk, landbruk, framande artar (inkludert kongekrabbe), drikkevatt og badevatt og samferdsel.

Les meir om dei nasjonale føringane hos Klima- og miljødepartementet [her](#).

Dei nasjonale føringane for vasskraft som blei gitt ved brev av 24. januar 2014 frå Olje- og energidepartementet og Klima- og miljødepartementet, gjeld fram til dei blir oppdaterte. Dei nasjonale føringane for vasskraft finn du [her](#).

Oppdaterte vassforvaltningsplanar med miljømål og tilhøyrande tiltaksprogram skal vere i samsvar med dei nasjonale føringane jf. vassforskrifta §§ 21, 24, og 25. Tiltaksprogrammet skal vere i samsvar med dei nasjonale føringane og skal omfatte tiltak som både beskyttar, forbetrar og rette opp att miljøtilstanden i vassførekomstane.

Er planen i samsvar med dei nasjonale føringane?

Kommunane i vassområdet omtaler korleis dei nasjonale føringane er fylgt opp innan sitt ansvarsområde dvs. innan drikkevatt, badevatt ,avløp, handtering av overvatt, landbruksforvaltning, arealforvaltning, samferdsel (kommunale vegar) og anna ureining.

Avløp:

Nasjonale føringar for avløp tilseier at kommunane skal kartlegge og følgje opp utslipp frå avløpsanlegg, og sette i verk tiltak som syter for at alle utslipp blir rensa i tråd med ureiningsforskrifta kapittel 12 og 13.

Alle 7 kommunane med vesentleg areal i Nordfjord vassområde har spelt inn tiltak innanfor både kartlegging/tilsyn og utbetring av avløp (jamfør kapitlet om Tiltaksprogrammet). Tiltaka gjeld vassførekomstar der avløp er den antatte grunnen til at miljømålet ikkje er nådd. For gjennomføring av tiltaka er det viktig med politisk forankring, fortrinnsvis i kommunale planar og at også små separate avløp er integrert i planane. Av dei 7 kommunane i vassområdet har Sunnfjord og Kinn kommunar vedtatt hovudplanar for avløp/vassmiljø, medan Stryn, Stad, Volda og Gloppen er i ferd med å utarbeide kommunedelplan/temaplan for avløp/overvatt.

Jordbruk:

Nasjonale føringar for jordbruk tilseier at der iverksette tiltak ikkje er tilstrekkeleg for å nå miljømåla, skal meir forpliktande tiltak setjast inn.

Alle 7 kommunar har utfordringar også innan avrenning frå jordbruksareal (jamfør kapitlet om Tiltaksprogrammet). Samtlige kommunar har spelt inn tiltak. Fleire av tiltaka gjeld kunnskap, informasjon, rådgjeving og kontroll. Av tiltaka som er direkte miljøforberande, er dei fleste ikkje direkte forpliktande, men basert på frivillig gjennomføring med økonomisk tilskot frå ulike ordningar. Berre Stryn og Sunnfjord kommunar har spelt inn strengare krav etter gjødselvereforskrifta.

Nasjonale føringar viser til vassforskrifta, men også krava i drikkevassforskrifta. Mellom anna skal kommunar ta omsyn til drikkevatt når dei utarbeider arealdelen til kommuneplanar.

Dei fleste drikkevasskjelder som er registrert i Nordfjord vassområde ligg i vassførekomstar som når standard miljømål om minst god tilstand/potensial i høve eutrofi eller organisk belastning. I alle vassførekomstar som ikkje når standar miljømål ligg kjeldene oppstraums påverknadene.

Det er registrert badeplassar i 41 vassførekomstar i Nordfjord vassområde. Tretti av desse når standard miljømål om minst god tilstand/potensial i høve eutrofi eller organisk belastning. Av dei 11 som ikkje når miljømålet, har alle tiltak unntatt 1.

c) Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging

Korleis er nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging fylgt opp av kommunane i vassområdet innanfor tema knytt til vassmiljø?

Overordna planar som omfatter vassmiljø:

- I Stryn kommune er kommunedelplan for avløp og overvatn under utarbeiding, med forventna ferdigstilling i 2024.
- Sunnfjord kommune vedtok i 2020 Kommunalteknisk hovudplan – Vatn, avløp og vassmiljø 2021-2024 og Kommunalteknisk tiltaks- og investeringsplan 2021-2032.
- I Kinn kommune er det nyleg vedtatt hovudplan/kommunedelplan for avløp og vassmiljø i nordre del (tidlegare Vågsøy kommune).
- Volda kommune starta opp arbeidet med ny hovudplan for vatn og avløp i november 2020.
- Bremanger kommune er i ferd med å utarbeide kommuneplanens arealdel. Hovudplan for avløp frå 1998 er framleis delvis relevant.
- Gloppen kommune er i ferd med å utarbeide kommuneplanens arealdel og har sett i gong arbeid med hovudplan for avløp og forventar planen vedtatt i 2021.
- Stad kommune har starta utarbeiding av temaplan for vatn, avløp og overvatn i november 2020, som vil omtale både offentlege og private avløp. Kommunen reknar med å ha ferdig plan 2. halvdel av 2021.

1.1.4 Endringer siden forrige plan

Kort samandrag av endringar sidan førre plan

Lenke til Vann-Nett frå 2016 finner de her: <https://vann-nett.no/portal-2016/>

Vart miljømål nådd? Er tiltaka i vassområdet gjennomført?

Tiltaksprogrammet for 2016-2021 innanfor kommunalt ansvarsområde var dominert av kunnskapsinnhenting (43 vassførekomstar). Kunnskapsinnhenting er i overvegande grad gjennomført. Elles var det tiltak med kartlegging og utbetring av separate og kommunale anlegg, der mesteparten er utført. Berre eitt tiltak i tiltaksprogrammet retta seg mot jordbruksavrenning (fangdam i Gloppen kommune), og det er utført. I tillegg er det utført tiltak i jordbruksdrifta i kommunane frå og med 2019 innanfor tilskotsordningane i nytt Regionalt miljøprogram (RMP). Desse var ikkje planlagt ved tidspunktet for utarbeiding av tiltaksprogrammet, og er såleis ikkje omtalt der.

Stor innsats i inneverande planperiode 2016-2021 med vassprøvetaking, biologiske undersøkingar og kartleggingar har ført til eit løft for kunnskapsgrunnlaget. Ein stor del av denne innsatsen var føreslått i tiltaksprogrammet 2016-2021, og utført av kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen gjennom samarbeidet i vassområdet. Nye data viser at tilstanden i fleire vassførekomstar er betre enn først antatt. Det er positivt at vi no vurderer at 84 % av overflatevassførekomstane når standard miljømål, medan anslaget var 76 % i 2016. Sjølv om mykje av endringa skuldast betre kunnskap og ikkje reell betring av tilstanden, kan det ikkje utelukkast at også miljøforbetrande tiltak har hatt effekt.

| Økologisk tilstand | Vurdering 2016 | Vurdering 2019 | Vurdering 2020 | Endring 2016-2020 |
|--------------------------|----------------|----------------|----------------|-------------------|
| Svært god | | 28 | 42 | +42 |
| God | 234 | 221 | 238 | +4 |
| Moderat | 60 | 45 | 47 | -13 |
| Dårleg | 7 | 4 | 3 | -4 |
| Svært dårleg | 1 | 4 | 4 | +3 |
| Udefinert | 6 | 6 | | -6 |
| Sum, tal vassførekomstar | 308 | 308 | 334 | +26* |

*) Auken i totalt tal vassførekomstar skuldast at fleire er delt opp i mindre einingar. Totalt areal og elvestrekning er uforandra.

1.1.5 Ny aktivitet og nye inngrep i vassregionen (§ 12) i den førre planperioden

På vilkår kan ein gi løyve til ny samfunnsnyttig aktivitet eller inngrep sjølv om det vil føre til at miljøtilstanden blir dårlegare. Dette inneber forringing av tilstanden som skuldast nye endringar i dei fysiske eigenskapane til ein vassførekomst eller redusert tilstand frå svært god til god som følge av berekraftig aktivitet. Vilkåra for slike løyve er at det blir sett i verk miljøforbetrande tiltak for å avgrense den negative effekten, at samfunnsnyttan av aktiviteten blir vurdert som større enn tapet av natur, og at ein ikkje kan oppnå formålet med aktiviteten på ein miljømessig betre måte.

Det er framleis ein veg å gå før vassforskrifta blir integrert i kommunal sakshandsaming. Bremanger kommune har vurdert å ta i bruk § 12 i samband med reguleringsplan for steinuttak i Aksla. Bortsett frå dette har ikkje kommunane i Nordfjord vassområde meldt om at dei har gjeve løyve etter § 12, eller har rutinar for å vurdere om § 12 kjem i bruk før dei gjev løyve etter eige regelverk (t.d. løyver til utslepp avløpsvatn, reguleringsplanar som ikkje treng ytterlegare vedtak før dei vert gjennomførte etc.).

1.2 Vassområdet vårt

Sju kommunar har ein vesentleg del av arealet sitt i Nordfjord vassområde. Fire av kommunane vart skipa etter kommunesamanslåinga 01.01.2020 etter samanslåing av kommunane som står i parantese nedanfor. Kommunar som før samanslåinga låg utanom Nordfjord vassområde er markert med * nedanfor.

- Stad (Eid og Selje)
- Kinn (Vågsøy og Flora*)
- Bremanger
- Volda (Hornindal og Volda*)
- Stryn
- Gloppen
- Sunnfjord (Jølster, Førde*, Naustdal* og Gaular*)

Grensa til vassområdet følger vasskiljet og fell difor ikkje heilt saman med kommunegrensene. Kommunane Luster, Skjåk, Stranda og Vanylven har mindre areal innanfor vassområdet.

Vassområdet strekker seg frå innlandet med høg fjell og bre til havgapet i vest, med Stad og Kråkenes som vêrharde utpostar. Mykje vatn flyt gjennom området, mellom anna i store lakseelvar, som Hornindalvassdraget og elvane i Stryn og Gloppen. Hornindalsvatnet med største djupn på 514 m er den djupaste innsjøen i Nord Europa. Der er høvesvis mykje jordbruk innanfor området, med avrenning som medfører utfordringar for vasskvaliteten. Det er eit betydeleg uttak av vasskraft i området. Fjorden og kysten kan by på fisk og skaldyr, og det førekjem hausting av tare til industrielt bruk. Fiskeoppdrett finner også gode vilkår her, men dei inste delane av fjorden er nasjonal laksefjord og verna mot oppdrett.

Vatnet i Nordfjord vassområde er delt opp i til saman 504 vassførekomstar (tabell 1). Ein vassførekomst er ein avgrensa og betydeleg mengde overflatevatn, som t.d. innsjø, magasin, elv, bekk, kanal, fjord eller kyststrekning, eller delar av desse, eller eit avgrensa volum grunnvatn. Vassførekomstane er inndelt i hensiktsmessige einingar basert på m.a. hydrografi, geografi, vassstype, påverknader og tilstand.

Tabell 1: Vassførekomstar i Nordfjord vassområde. Vassdraga og kystområda er delte inn i vassførekomstar. Talet på vassførekomstar er ikkje statisk og kan endrast undervegs etter kvart som kunnskapen om vassmiljøet blir endra/forbetra. Areal/lengde er feil. Kjelde: Vann-Nett 13.11.2020. * SMVF tyder Sterkt modifiserte vassførekomstar.

Oversikt over vannforekomstene i regionen i Nordfjord


| Type vannforekomst | Antall vannforekomster | Av disse; Antall SMVF* | Areal/lengde |
|--------------------|------------------------|------------------------|-------------------------------|
| Kystvann | 37 | 1 | 1 325 966 147 km ² |
| Grunnvann | 75 | 0 | 89 180 050 km ² |
| Innsjøer | 84 | 30 | 170 136 622 km ² |
| Elver og bekkefelt | 308 | 64 | 6 887 283 km |
| Antall totalt | 504 | 95 | |

2 Slik vil vi ta vare på vatnet (innhaldet i planen)

2.1 Hovudutfordringar og prioriteringar


Dei største utfordringane i Nordfjord vassområde er omtalt i dokumentet *Hovudutfordringar i Nordfjord vassområde*. Vasskraft er påverknaden som omfattar flest vassførekomstar, med sur nedbør (langtransportert ureining) som nummer 2. Vesentlege påverknader som kommunen er styresmakt for er flaumvern (forbygde elvar), urban utvikling (veg m.m.), jordbruk og avløp.

Nordfjord vassområdeutval meiner det bør vere meir fokus på avrenning frå hogstfelt i skog. Skoghogst i tider av året med mykje nedbør fører mellom anna til sur avrenning til vassdraga.



Figuren over er henta frå dokumentet *Hovudutfordringar i Nordfjord vassområde* (Figur 9), og viser dei 10 største påverknadsgruppene i vassområdet som var registrert i vann-nett 14.02.2019. Langtransportert ureining gjeld sur nedbør.

2.2.3 Forventa miljøforbetring i denne planperioden



Figur 1 viser den planlagde miljøforbetringa for vassområdet og vassregionen samla som følge av denne vassforvaltingsplanen. Figuren viser feil tal for Vestland vassregion og for Nordfjord i 2027 og 2033. Feilen er tatt opp med Miljødirektoratet.

2.3 Sammendrag av tiltaksprogrammet

Kommunane, fylkeskommunen og statlege sektorstyresmakter har lagt inn forslag på tiltak innanfor sine ansvarsområde i tiltaksprogrammet på Vann-Nett. I Nordfjord vassområde er det kommunane som har lagt inn flest tiltak, noko som delvis heng saman med store tal påverka vassførekomstar. Kommunen er styresmakt for tiltaka innan avløp, landbruk og restaurering av andre vassdragsinngrep.

Alle 7 kommunane med vesentleg areal i Nordfjord vassområde, har utfordringar på avløp. Alle 7 har også spelt inn tiltak, både administrative innan forskrifter, tilsyn, kartlegging og planlegging, og utbetringar av anlegg eller tilknytning av separate anlegg til kommunalt avløpsnett. For gjennomføring av utbetringar av separate anlegg er det ein veg å gå for fleire av kommunane med forankring i planar. Det er også viktig å frigjere personalressursar til å skaffe oversikt, utføre kartlegging og tilsyn, og gi pålegg om utbetringar. Innføring av tilsynsgebyr er ein måte å finansiere dette på, og interkommunalt samarbeid kan sikre rekruttering til heile stillingar på området.

Samtlige 7 kommunar har spelt inn tiltak for å minke avrenning frå jordbruksareal, og gjerne inntil 4 tiltak på same vassførekomst. Medan det i planperioden 2016-2021 stort sett var kunnskapsinnhenting ved overvaking og kartlegging, er det for 2022-2027 spelt inn mykje miljøforbetrande tiltak. Eksempel er driftstiltak med tilskot frå Regionalt miljøprogram (gjødsselfrie kantsoner og miljøvennleg gjødselspreiing), oppfølging av rundballagring, streng handheving av gjødselvereforskrifta og utvida gjødsellagerkapasitet. Nasjonale føringar oppfordrer til å innføre meir forpliktande krav der iverksatte tiltak ikkje er nok for å oppnå miljømåla. Stryn og Sunnfjord kommunar spelar inn strengare krav etter gjødselvereforskrifta.

Tiltaka som kommunane er styresmakt for omfattar stort sett ein vassførekomst kvar. For andre styresmakter kan det skjule seg eit større tal vassførekomstar bak talet på tiltak, det vil seie at eit tiltak kan omfatte fleire vassførekomstar. Til dømes er det 8 tiltak mot sur nedbør, men desse omfattar totalt 38 elvestrekningar og 14 innsjøar, dei fleste av desse i Bremanger kommune. Miljødirektoratet er styresmakt for desse tiltaka, som gjeld internasjonale avtalar.

Kostnadene er størst innanfor dei kommunale ansvarsområda avløp, landbruk og restaurering av andre vassdragsinngrep. Den som finansierer kostnadene avhenger av virkemiddel. Tiltak på avløp i «Byer og tettsteder» skal finansierast ved avløpsgebyr, medan avløpstiltak i «Spredt bebyggelse og hytter» skal finansierast av huseigarane. Innanfor landbruk skal tiltaka finansierast av tilskot, driftsmidlar i kommunane og/eller gardsbruka.


Sammendrag av tiltaksprogrammet i Nordfjord (kjelde: Vann-Nett 13.11.2020)

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|---|---------------|---------------------|---------------|
| Vannkraft | | | |
| Forbedre vannføring | 0 | 0 | 0 |
| Vandrings- og spredningsveier | 1 | 150 000 | 0 |
| Forbedre fysiske forhold | 4 | 350 000 | 0 |
| Restaurering av andre vassdragsinngrep | | | |
| Vandrings- og spredningsveier supplerende | 3 | 280 000 | 0 |
| Forbedre fysiske forhold - supplerende | 14 | 480 000 | 235 880 |
| Forbedre vannføring - supplerende | 1 | 0 | 0 |
| Samferdsel | | | |
| Fysiske restaureringstiltak - supplerende | 2 | 0 | 0 |
| Forurensning – veg og urbane områder | 0 | 0 | 0 |
| Forurensning – havner og marint | 0 | 0 | 0 |
| Forurensning – havner og marint supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Sur nedbør | | | |
| Tiltak mot sur nedbør | 8 | 0 | 0 |
| Tiltak mot sur nedbør - supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Avløp | | | |
| Byer og tettsteder | 32 | 291 002 000 | 100 000 |
| Byer og tettsteder – supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Spredt bebyggelse inkl. hytter | 53 | 85 697 600 | 0 |
| Landbruk | | | |
| Næringsalter/jorderosjon | 24 | 2 451 000 | 55 000 |
| Næringsalter/jorderosjon – supplerende | 29 | 50 000 | 7 157 995 |
| Plantevernmidler – supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Restaurering – supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Rådgivning – supplerende | 2 | 10 000 | 10 000 |
| Skogbruk | 0 | 0 | 0 |
| Skogbruk – supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Miljøgifter | | | |
| Forurenset grunn | 3 | 84 000 | 0 |
| Forurenset sjøbunn | 0 | 0 | 0 |
| Utfasing/reduksjon | 0 | 0 | 0 |
| Industri og gruver | 3 | 0 | 0 |

| Tiltak | Antall tiltak | Investeringskostnad | Driftskostnad |
|---|---------------|---------------------|---------------|
| Akvakultur | | | |
| KTM 20 Tiltak innen akvakultur | 10 | 0 | 100 000 |
| KTM 5 Forbedre vandrings- og spredningsveier i vassdrag | 2 | 0 | 80 000 |
| KTM 20 Tiltak innen akvakultur | 0 | 0 | 0 |
| Fremmede arter | | | |
| Fremmede arter | 0 | 0 | 0 |
| Fremmede arter - supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Fritidsfiske | | | |
| Fritidsfiske | 0 | 0 | 0 |
| Beskyttelse av drikkevann | | | |
| Beskyttelse av drikkevann | 0 | 0 | 0 |
| Overvann | | | |
| Overvann | 0 | 0 | 0 |
| Overvann - supplerende | 0 | 0 | 0 |
| Forskning og kunnskap | | | |
| Grunnleggende tiltak | 27 | 3 038 000 | 18 000 |
| Supplerende tiltak | 1 | 0 | 10 000 |
| Andre tiltak | | | |
| Grunnleggende tiltak | 0 | 0 | 0 |
| Supplerende tiltak | 0 | 0 | 0 |

Tiltak som kommunen er styresmakt for dominerer klart i Nordfjord vassområde, som figuren nedanfor viser.

Tiltak fordelt på tiltaksansvarlig myndighet i Nordfjord




| | Antall |
|---------------------|------------|
| Kommune | 173 |
| Miljødirektoratet | 21 |
| Fylkesmannen | 10 |
| Mattilsynet | 9 |
| Fiskeridirektoratet | 3 |
| NVE | 1 |
| Totalt | 217 |

Figur 2 Tiltak fordelt på tiltaksansvarleg sektorstyresmakt i Nordfjord vassområd. Kjelde: Vann-Nett 15.11.2020

Tiltaka som kommunane er styresmakt for skal utførast av anten kommunen sjølv eller privatperson/grunneigar. Kommunen utfør tiltaka på offentlege reinseanlegg, finansiert ved avløpsgegyr. Utbetringar av separate avløpsanlegg for bustadar skal utførast av huseigar. Kommunane utfør også administrative tiltak knytt til forskrifter, kartlegging og miljøundersøkingar m.m. innanfor både avløp og landbruk. Tiltaka innanfor landbruk som skal utførast av grunneigarar er for ein stor del finansiert ved tilskotsordningar.


Antall tiltak som utføres av kommune eller privatperson/grunneier fordelt på tema i Nordfjord



| | Kommune | Privatperson/grunneier |
|---------------------|---------|------------------------|
| Avløp | 55 | 30 |
| Landbruk | 13 | 41 |
| Kunnskapsinnhenting | 11 | 1 |
| Annet | 15 | 13 |

Andre styresmakter som skal utføre tiltak går fram av figuren nedanfor. Merk forskjellen i skala i høve figuren for kommune/privatperson/grunneigar. Regulantar for vasskraft er utførande for 5 tiltak.

Antall tiltak fordelt på utførende, med unntak av kommune og privatperson/grunneier i Nordfjord



| | Antall | Prosent |
|-------------|--------|---------|
| Regulant | 5 | 29.4% |
| Bedrift | 4 | 23.5% |
| Annet | 4 | 23.5% |
| NVE | 2 | 11.8% |
| Fylkesmann | 1 | 5.9% |
| Mattilsynet | 1 | 5.9% |

1. Vedlegg: Korleis står det til med vatnet?

Økologisk tilstand

God økologisk og kjemisk tilstand er kjenneteikna ved at strukturen, funksjonane og produktiviteten i økosystema ikkje avvik vesentleg frå intakte økosystem. Naturfagleg kunnskap og naturfaglege kriterium er lagde til grunn for å definere både intakte økosystem (referanseforhold) og god økologisk tilstand.


| | |
|--------------|--|
| SVÆRT GOD | Økologisk tilstand er dermed eit mål på i kor stor grad tilstanden for vasslevande dyr og plantar og leveområda deira (vasskvalitet og fysiske og hydrologiske forhold som strøymingsforhold, tilgjengelege vandringsveggar og botnforhold) er endra som følgje av menneskeleg aktivitet. Økologisk tilstand er delt inn i fem tilstandsklassar. Gruppene av dyr eller plantar som er eit mål på økologisk tilstand, blir omtalte som kvalitetselement, til dømes botnfauna, vassplantar og fisk. Undersøkingar og overvaking av vasslevande dyr og plantar gir grunnlag for å vurdere tilstanden for biologiske kvalitetselement som planteplankton, vassplantar, botnlevande dyr og fisk. |
| GOD | |
| MODERAT | |
| DÅRLIG | |
| SVÆRT DÅRLIG | |

Målingar av fysisk-kjemiske og hydromorfologiske forhold inngår som støtteelement i vurderinga av den økologiske tilstanden.

Figur 3.3 viser tilstandsklassane for den økologiske



Økologisk tilstand, naturlige vannforekomster i Nordfjord



| | Antall | Prosent |
|--------------|--------|---------|
| Svært god | 42 | 12.6% |
| God | 238 | 71.3% |
| Moderat | 47 | 14.1% |
| Dårlig | 3 | 0.9% |
| Svært dårlig | 4 | 1.2% |

Vil tiltaksprogrammet føre til at miljømåla blir nådd?

I Nordfjord vassområde er det mange vassførekomstar som ikkje når miljømålet om god økologisk tilstand/potensial på grunn av næringsstoff og organisk stoff. Desse stoffa kjem fortrinnsvis frå avrenning av jordbruksareal og/eller sanitært avløp.

Det er vanskeleg å føreseie kor stor betring av tilstanden tiltaka vil kunne føre til. Fleire av tiltaka innan jordbruk er frivillige med tilskotsordningar, og gjennomføring er opp til den enkelte bonde. Kommunal oppfølging med informasjon, rådgeving og kontroll av drifta kan vere viktig for å motivere bøndene. Tiltaka innan avløp er ressurskrevjande, både når det gjeld personalressursar i kommunane og kostnader for bustadeigarar. God politisk forankring og informasjon til innbyggjarane om både gjeldande krav til avløpshandtering og nytta i form av reinare vatn og mindre helseisiko vil vere viktig for gjennomføring av tiltak og oppnåing av miljømåla.

Kjemisk tilstand

Kjemisk tilstand er eit mål på mengda av eit utval kjemiske stoff (prioriterte stoff) som finst i vassførekomstane. Kjemisk tilstand er bestemt ved førekomst og konsentrasjonar av miljøgiftene som er oppgitt i lista over prioriterte stoff i vassforskrifta, vedlegg VIII. Desse stoffa er giftige og ofte lite nedbrytbare i det akvatiske miljøet. Skal ein oppnå god kjemisk tilstand i vatn, må ein ikkje overstige grenseverdiane for miljøgiftene i vatn, sediment eller biota.

Figuren nedanfor viser den kjemiske tilstanden i vassførekomstane. Den store mengda vassførekomstar med ukjent tilstand kan forklarast med at kjemisk tilstand berre blir klassifisert i vassførekomstar der det finst målte verdiar av dei prioriterte stoffa, anten i vatn, sediment, plantar eller dyr. Målte verdiar finst gjerne i vassførekomstar som er påverka av utslepp av dei aktuelle stoffa frå ulike typar menneskeleg aktivitet.



Figur 4 viser tilstandsklassane for kjemisk tilstand.

Kjemisk tilstand i Nordfjord



| | Antall | Prosent |
|--------|--------|---------|
| Ukjent | 406 | 94.6% |
| God | 12 | 2.8% |
| Dårlig | 11 | 2.6% |

Tabellen viser dei 11 vassførekomstane i Nordfjord vassområde som ikkje når miljømålet for kjemisk tilstand. Tre av desse mangler tiltak. Det er såleis ikkje registrert i Vann-Nett korleis ein tenker å nå miljømålet for desse 3. *Kommunen er eller kan vere styresmakt for påverknadene og tiltaka med raud skrift.*

| Vassførekomst | ID | Miljøgift | Påverknad | Tiltak |
|-------------------------------|----------------|---|-----------------------------|------------------------------|
| Jardøla, Gloppen | 087-49-R | Bly i vatn | Skytebane | Kunnskap |
| Gloppefjorden | 0282011800-C | TBT i sediment | Ikkje oppgitt | Ingen |
| Hornindalsvatnet | 089-1807-2-L | Kvikksølv og Oktylfenol i fisk | Dumpa køyretøy | Kunnskap |
| Nordgulen, Bremanger | 0282010400-C | Kvikksølv, TBT m.m. i sediment | Industri | Utsleppsredu- serande tiltak |
| Skatestraumen | 0282010900-C | Fleire miljøgifter i sediment | Ikkje oppgitt | Ingen |
| Moldefjorden, Selje | 0282012600-C | Fleire miljøgifter i sediment | Fiskeindustri | Industri- oppføgling |
| Frøysjøen, Flora og Bremanger | 0282010100-C | Kvikksølv i blåskjell, Kadmium, TBT, Antracen m.m. i sediment | Industri, fiskeoppdrett | Ingen |
| Sildegapet, Selje | 0282000033-C | TBT i sediment ved Selje | Industri | Kunnskap |
| Eidsfjorden | 0282012200-1-C | TBT i sediment | Industri | Kunnskap |
| Nordfjordeid, Eid | 0282012200-2-C | TBT i sediment | Industri | Kunnskap |
| Ulvesundet – Måløy | 0282012300-2-C | Oktylfenol i blåskjell, TBT i sediment | Skipsverft og fiskeindustri | Utsleppsredu- serande tiltak |


Oppsummering av menneskeskapt påverknad

Påverknader og drivarar som er viktige for miljøtilstanden

Vassforvaltinga har vurdert omfanget av menneskeskapt påverknad i regionen og effekten denne påverknaden har hatt på miljøtilstanden. Påverknad blir oppgitt i påverknadstypar som beskriv korleis ulike aktivitetar påverkar miljøtilstanden i vassførekomstane (til dømes punktutslepp eller fysisk endring av vassdrag).

Drivarar, i form av menneskeleg verksemd, aktivitet hos ulike sektorar eller andre forhold i samfunnet som kan påverke miljøtilstanden (til dømes landbruk, industri, vasskraft og klimaendringar), er òg identifiserte. Ei oversikt over påverknader og drivarar i vassområde går fram av figur 1 og 2.


Oversikt over drivarar som fører til dei viktigaste påverknadene



Figuren viser kva drivarar som medfører størst påverknad på vassførekomstane i Nordfjord vassområde. Kjelde: www.vann-nett.no 15.11.2020.




Oversikt over påverknadene i vassområde

Figurane nedanfor viser påverknad i elvar, innsjøar og kystvatn i vassområde. Påverknadene er oppgitt med informasjon om i kor stor grad dei har negativ effekt på den økologiske eller kjemiske tilstanden i vatnet. Påverknader med stor eller mellomstor påverknadsgrad blir rekna for å ha vesentleg effekt på den økologiske eller kjemiske tilstanden som medfører forverring anten til god eller dårlegare tilstand.



Figuren over viser tal vassførekomstar med påverknader i Nordfjord vassområde som er registrert i Vann-Nett 15.11.2020.

Figurane nedanfor viser påverknadene i respektive elv-, innsjø- og kystvassførekomstar.



Oversikt over beskytta område

Dette kapittelet gir ei oversikt over beskytta område i vassregionen. Eit beskytta område er eit geografisk avgrensa område som er beskytta i form av vedtak, forskrifter eller retningslinjer i samsvar med § 16 og vedlegg IV, og som inngår i registeret som er oppretta i samsvar med § 16, jf. vassforskrifta § 3s.

Desse områda er beskytta av omsyn til helse eller viktige naturverdiar, og det går ut over det generelle vernet som miljømåla i vassforskrifta gir.

I eit beskytta område kan det vere særlege krav til kva slags inngrep det er lov å gjennomføre, til vasskvaliteten og til menneskeleg aktivitet i området. Korleis området skal beskyttast, går fram av regelverket eller dei nasjonale retningslinjene som er knytte til området.

Slike område har gjerne eigne miljømål som seier noko om korleis området skal beskyttast. Måla er til dømes knytte til bakteriar i drikke- og badevatn, eller det kan vere eigne forvaltingsmål i visse verneområde.

Desse områda er beskytta etter vassforskrifta:

1. Område som er peikte ut som eller er tiltenkte for drikkevassutak

Denne gruppa omfattar vassførekomstar som er peikte ut som eller er planlagt utpeikte som drikkevasskjelde etter drikkevassforskrifta, og som er registrerte hos Mattilsynet. Les meir om drikkevatn [her](#).

2. Område som er peikte ut for å beskytte økonomisk viktige akvatiske artar

Denne gruppa omfattar nasjonale laksevassdrag og laksefjordar som er oppretta av Stortinget, jf. St.prp. nr. 79 (2001–2002) og St.prp. nr. 32 (2006–2007). Dei nasjonale laksevassdraga og laksefjordane omfattar om lag 75 prosent av den norske villaksressursen. Områda er henta frå lakseregisteret til Miljødirektoratet.

3. Område som er peikte ut til bading (badeplassar)

Til denne kategorien høyrer dei viktigaste badeplassane som kommunane overvakar med tanke på hygienisk kvalitet.

Kommunehelsetenestelova § 1-4 seier at den kommunale helsetenesta til kvar tid skal ha oversikt over helsetilstanden i kommunen og dei faktorane som kan påverke han.

Kommunane si vurdering av badevasskvaliteten blir i dag gjord på grunnlag av vasskvalitetsnormene for friluftsbad, i vedlegg til rundskriv IK-21/94 frå Helsetilsynet, som delvis byggjer på badevassdirektivet til EU (som ikkje er teke inn i EØS-avtalen).

Krava som blir stilte til slike vassførekomstar (badeplassar), går fram av vedlegg til rundskriv IK-21/94. Desse vil òg danne grunnlaget for miljømålet for slike vassførekomstar.

4. Område som er følsame for næringsstoff


Denne gruppa inneheld område som er peikte ut som følsame etter gjødselvereforskrifta § 24 og forureiningsforskrifta kapittel 11. I tillegg vil gruppa kunne omfatte område som Fylkesmannen har definert som følsame for næringsstoffa.

5. Område som er peikte ut for å beskytte naturtypar og artar

Denne gruppa omfattar område der ein skal beskytte habitat som består av vatn, er i vatn eller har artar som lever i vatn, og der vedlikehald eller forbetring av vassstanden er ein viktig grunn til vernet. Gruppa omfattar i første rekkje formelt beskytta område etter naturvernlova og naturmangfaldlova, utpeikte av Miljødirektoratet.

I Vann-Nett finst det eit register over beskytta område der områda er viste som eit kartlag. Informasjon for dei aktuelle vassførekomstane er òg vist.

Andel vannforekomster med beskyttelse i vannregionen i Nordfjord



| | Antall |
|------------------------------|--------|
| ■ Beskyttede vannforekomster | 149 |
| ■ Andre vannforekomster | 429 |

Andel beskyttede områder fordelt på type i Nordfjord



| | Antall |
|--------------|--------|
| ■ Badevann | 49 |
| ■ Drikkevann | 56 |
| ■ Annet | 96 |

2 Vedlegg: Slik har vi jobba fram planen (revurdering og oppdatering)

2.2 Organisering av arbeidet i vassområdet

Nordfjord vassområdeutval er styringsgruppe for arbeidet etter vassforskrifta. I vassområdeutvalet sit ein folkevald representant og ein administrativ kontaktperson frå kvar kommune. I tillegg har statlege styresmakter og fylkeskommunen ein representant kvar, som møter når relevante tema skal behandlast.

Ein vassområdekoordinator i 100 % stilling arbeidar 50 % med Nordfjord vassområde og 50 % med Sunnfjord vassområde. Vassområdekoordinatoren er tilsett i Vestland fylkeskommune og har kontorstad på Sandane.

Prosjektgruppa for Nordfjord vassområde er samansett av dei administrative kontaktpersonane frå kommune. Gruppa førebur saker til vassområdeutvalet, og bidreg fagleg til drifta av vassområdet.

2.3 Tema og utgreiingar i planarbeidet

Tema og utgreiingar i planarbeidet blei skisserte i planprogrammet. Nedanfor følgjer ei utgreiing for korleis vi har følggt opp temaa.

2.3.1 Styrkje kunnskapsgrunnlaget

Kommunane har bidrege til å heve kunnskapen om vassførekomstar der det er mistanke om påverknad frå avløp, landbruk, fysiske inngrep m.m. I møte med vassområdekoordinator har kommunane delteke i val av metode og stad for overvaking. Resultata av overvakinga er importert i vannmiljø og blir brukt til klassifisering av tilstand i Vann-Nett.

I regi av vassområdet har kommunane tatt mellom 79 og 250 vassprøver kvart år i planperioden 2016-2021. Prøvene er tatt inntil 4 ganger på 23 - 56 lokaliteter kvart år. Vassprøvene gir informasjon om næringsstoff (fosfor og nitrogen), bakterier og stoff som definerer vasstype (kalsium, totalt organisk karbon m.m.).

Gjennom samarbeidet i vassområdet har kommunane fått utført undersøking av:

- Begroingsalger og botndyr i 5 elvar i 2016-2017 (AsplanViak og Rådgivende biologer)
- Planteplankton i 6 innsjøar (6 innsamlingar i 2018) (Faun naturforvaltning)
- Elvemorfologi og fisk i 8 elvar i 2018-2019 (NORCE)

Kommunane i vassområdet har vore sterkt delaktige i eit prosjekt om avløp i Sogn og Fjordane fylke, som resulterte i 3 rapportar:

- Kartlegging av private avløpsrensaneanlegg i ulike kommuner i Sogn og Fjordane fylke (NIBIO 2019)
- Vannforekomstenes tilstand – påvirkning fra avløpsanlegg (NIBIO 2020)
- Kommunenes rolle som forurensnings- og tilsynsmyndighet – status, barrierer og samarbeid (NIBIO 2020)

I 2014 leigde Nordfjord vassområde konsulent til prosjektet *Problemkartlegging og tiltaksanalyse for utvalde vassførekomstar* (Asplan Viak 2015). Rapporten gir kunnskap om tilførsler frå landbruk, avløp og naturlege kjelder, på bakgrunn av utrekningar og synfaringar på gardsbruk og avløpsanlegg.

2.3.5 Drikkevatt og badeplassar

Sentrale styresmakter har i brev til kommunane gjeve dei i oppdrag å registrere badeplassar (Miljødirektoratet) og drikkevatt (Mattilsynet). Registreringane er lagt inn i Vann-Nett. Følgjande tal vassførekomstar er registrert som badevatt og drikkevasskjelder innanfor Nordfjord vassområde i Vann-Nett:

| Kommune | Tal vassførekomstar med badevatt | | Tal vassførekomstar med drikkevasskjelder (Alle når miljømålet eller er oppstraums påverknad) |
|-----------|----------------------------------|--|--|
| | Totalt | Når ikkje miljømålet for eutrofi/organisk belastning | |
| Bremanger | 6 | 1 (har tiltak) | 5 |
| Gloppen | - | - | 8 |
| Kinn | 10 | 5 (har tiltak) | 8 |
| Stad | 9 | 2 (har tiltak) | 14 |
| Stryn | 11 | 3 (2 har tiltak, 1 mangler tiltak) | 20 |
| Sunnfjord | - | - | - |
| Volda | 5 | - | 1 |

2.3.6 Plastforureining

Det blei lagt til rette for å leggje inn tiltak mot plast i Vann-Nett KTM99: MT121 Tiltak mot plastforsøpling og MT123 Tiltak mot mikroplast. Begge tiltaka er knytte til påverknaden «Forsøpling eller ulovleg søppeltippar». Tiltaka kan leggjast inn både som forbetrande tiltak og førebyggjande (vernande) tiltak.

Fysisk søppel i kyst- og fjordområda er ei aukande miljøutfordring for vassforvaltninga, både fordi det er skjemmande, og fordi det kan påverke økosystema på ulikt vis.

Vi har i dag ikkje kvalitetselement knytte til plast, det er altså ingen eigne måtar å måle plast på. Det vil ta tid å avgjere om og korleis plast skal takast inn i arbeidet med vassdirektivet.

Miljødirektoratet vil utarbeide tilrådingar om kva slags kvalitetselement tiltaka mot plast skal knytast til. Tiltaka mot plast og måten dei blir registrerte på i Vann-Nett, vil bli endra/oppdaterte i tråd med auka kunnskap og i samarbeid med relevante sektorar.

Plastforureining er eit reelt og aukande problem, mellom anna frå bildekk, kunstgrasbaner og jordbruksplast. Likevel, på grunn av at det manglar måtar å måle plastforsøpling på, er det per i dag ikkje registrert plastureining i Nordfjord vassområde i Vann-Nett. Fleire av kommunane har vore delaktig i årlege vår- og strandryddeaksjonar, tilknytt Hold Norge Rent sin strandryddeaksjon og kystlotteriet og i samarbeid med Fjordane friluftsråd. Mellom anna har skuleelvar delteke.

Medverknad og deltaking

Deltaking og medverknad har framfor alt involvert kommunane i eigenskap av styresmakt, både administrasjon og folkevalde. I tillegg har lokal referansegruppe vore orientert og invitert til møte. Fleire lag, organisasjonar og selskap har delteke på møte i vassområdeutvalet.

Medverknad og deltaking i Nordfjord vassområde 2016 - 2020:

| Type møte | Frekvens | Deltakarar |
|--|--|---|
| Vassområdeutvalet | 1-2 møte per år | <ul style="list-style-type: none"> • Kommunar (adm og folkevalde) • fylkeskommune (adm) • statlege sektorstyresmakter (adm) • lag og organisasjonar |
| Prosjektgruppa | 2-5 møte per år | Kommunar administrativt |
| Temamøte om avløp | 3 møte i perioden | Kommunar administrativt |
| Temamøte om landbruk | 1 møte i perioden | Kommunar administrativt |
| Administrative møte med enkeltkommunar for oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, planlegging av overvaking og innehenting av forslag på tiltak | 1-3 møte per kommunane i perioden (i tillegg jamleg telefon-kontakt) | Kommunar administrativt |
| Orientering av folkevalde organ i kommunar | <u>Jølster</u> 08.05.2019 Utval for plan og utvikling | Kommune, folkevalde og administrasjon |
| Synfaringar | Synfaring gjennomført i Stryn, Gloppen, Eid, Bremanger og Jølster | Kommunar administrativt. Grunneigarar og andre styresmakter på enkelte synfaringar. |

I tillegg har seminar og fagdagar i Sogn og Fjordane vassregion involvert lag, organisasjonar og statlege styresmakter:

- Seminar om praktisk oppfølging av vassforskrifta innan områda landbruk og spreidde avløp 28.-29. mars 2017
- Fagdagar i samband med møte i Sogn og Fjordane vassregionutval 3.-4. oktober 2017
- Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte høyringskonferanse om hovudutfordringar og planprogram for regional vassforvaltningsplan og hovudutfordringar 23. mai 2019

Kva har medverknad og deltaking hatt å seie for innhaldet i og utforminga av den endelege planen og tiltaksprogrammet?

Det er framfor alt kommunane som administrativt har delteke i kunnskapsinnhenting, kvalitetssikring av kunnskapsgrunnlaget og innspel på tiltak. For forståing av vassmiljø og planarbeid har det vore viktig at folkevalde, lag og organisasjonar har delteke på møte og fått orientering. Slik medverknad er også viktig og kanskje avgjerande for å få gjennomført tiltaksprogrammet i 2022-2027. Det same gjeld involvering av grunneigarar på synfaringar som har funne stad og vonaleg vil halde fram i åra som kjem.

KONSEKVENSGREIING (KU) AV VASSFORVALTNINGSPLANEN OG TILTAKSPROGRAMMET

«Det er tre alternativer som skal vurderes i konsekvensutredningen:

Alternativ 0 (business as usual): Dagens miljøtilstand og forventet videre utvikling dersom det ikke gjennomføres nye tiltak eller miljøforbedringer ut over dagens nivå. (Forventet effekt av pågående negative trender og klimaendringer fram mot 2027 må vurderes inn).

Alternativ 1 (maksimum): Oppfylle alle vannforskriftens miljømål i 2027, uten budsjett- eller kapasitetsmessige begrensninger, og uten bruk av unntak etter vannforskriftens § 9 (utsatt frist) og § 10 (mindre strenge miljømål). Dette passer godt inn med vannforskriftens framgangsmåte, der man først skal foreslå alle nødvendige tiltak for å tette gapet mellom dagens tilstand og miljømålet, før vurdering av bruk av unntak.

Alternativ 2 (realistisk): Unntak (§9 og § 10) brukes der tiltak ikke kan gjennomføres innen fristen av tekniske årsaker, fordi de er uforholdsmessig kostnadskrevende, eller når det er slike naturforhold at forbedring innen fristen ikke er mulig. Alternativet omfatter altså kun prioriterte, gjennomførbare og kostnadseffektive tiltak for perioden 2022-2027.» (min understreking)

KU AVLØP

Tabell. Betydningen av vassforvaltningsplanen for avløp i Vestland vassregion.
Innspel til konsekvensutgreiing avløp

Dei største utfordringane som er identifisert, er utslepp av ureinsa avløpsvatn på grunn av lekkasjar frå avløpsnett/overløp, manglande reinsekapasitet på reinseanlegga og utslepp frå spreidd busetnad.

For at vi i vassregionen skal nå miljømålet om god vasskvalitet og tilfredsstillende krav i regelverket, er det nødvendig å handheve eksisterande krav i regelverket for utslepp avløpsvatn strengare. Dette er også ei føring i dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltningsplanane frå Klima- og miljødepartementet av 19. mars 2019.

Tabell. Betydningen av vassforvaltningsplanen for sektorar innan avløp

| Alternativ 0 | Alternativ 1 (maksimum, utan bruk av unntak) | Alternativ 2 (realistisk, med bruk av §§ 9 og 10) |
|---|---|--|
| Avløp | | |
| <p>Alle reinsekrav i forureiningsforskrift blir ikkje oppfylt</p> <p>Avløp blir fylgt opp gjennom reinsekrava i forureiningsforskrifta med dagens tempo</p> <p>Det vil vere brot på både gjeldande regelverk og nasjonale føringar, og vil i tillegg føre til at måla i vassforskrifta om å beskytte og forbetre vassmiljøet ikkje blir oppfylt.</p> | <p>Meir rettleiing og betre rettleiingsmateriale til kommunane.</p> <p>Alle kommunar har hovudplan og teknisk plan for avløp og vassmiljø.</p> <p>Fylkesmannen må føre forvaltningstilsyn med kommunane etter kapittel 12 og 13 og forureiningstilsyn etter kapittel 14.</p> | <p>Alle kommunar har hovudplan og teknisk plan for avløp og vassmiljø.</p> |
| <p>Avløpsvatn frå større tettstadar (Kap. 14). Det er tilfredsstillande reinsing på dei fleste store anlegg, etter kapittel 14. Fire større kommunar har ikkje tilfredsstillande reinsing per i dag.</p> | <p>Det er tilfredsstillande reinsing på alle store anlegg etter kap. 14. innan 2027</p> | <p>Det er tilfredsstillande reinsing på alle store anlegg etter kap. 14. innan 2027.</p> |
| <p>Avløpsvatn frå mindre tettstadar (Kapittel 13 anlegg) (Nasjonalt): Om lag 50 % har tilfredsstillande reinsing, 15 tilfredsstillar ikkje kravet, medan vi manglar oversikt over 33 % av anlegga.</p> <p>Kva er situasjonen for kommunane i dag med tilsyn og oppfølging av anlegg etter § 13? Kva er situasjonen framover om kommunane held same framdrift som no?</p> <p>Avløpsvatn frå bolighus, hytter (kap. 12) Vi har liten oversikt over anlegg etter § 12 og korleis kommunane handterer tilsyn og pålegg.</p> | <p>Kommunen har oversikt over alle avløp.</p> <p>Etablere forskrift om gebyrfinansiering om tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 11.</p> <p>Kommunen må ha tilsyn på alle sine anlegg (kapittel 12 og 13) og gir pålegg der det er nødvendig med utbetring</p> <p>Eige tilsynsorgan i kommunen, slik at det vert skilt mellom tilsyn og drift</p> <p>Dette vil ha vesentlege administrative konsekvensar for kommunane, ikkje vere teknisk gjennomførbart for dei mindre kommunane (manglande planleggings- og anleggskapasitet) og kan føre til vesentlege kostnader for kommunar og huseigarar i planperioden 2022-2027</p> | <p>Kva ligg i planen for kap.12 og 13? Ingen avløpstiltak har utsett frist 2028-2033.</p> <p>Etablere forskrift om gebyrfinansiering om tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 11.</p> <p>Kommunen skaffar seg oversikt over alle avløp og gir pålegg der det er nødvendig med utbetring.</p> <p>Første prioritet for avløpstiltak er vassførekomstane der tilstanden er moderat eller dårlegare og/eller der det er viktige brukarinteresser som for eksempel drikkevatt, badeplassar, fiskeinteressar eller liknande. Tiltak i desse vassførekomstane er derfor prioritert gjennomført i planperioden 2022-2027.</p> |

Tabell. Betydningen av vassforvaltningsplanen for sektorar innan avløp (framhald)

| Alternativ 0 | Alternativ 1 (maksimum, utan bruk av unntak) | Alternativ 2 (realistisk, med bruk av §§ 9 og 10) |
|--------------|--|--|
| | | <p>Andre prioritet er øvrige vassførekomstlar som er i god eller svært god tilstand, eller der det ikkje er viktige brukarinteressar som er påverka. Også her må grunnleggjande tiltak gjennomførast for å beskytte vassførekomstane mot forringing, men det vil truleg i mindre grad være nødvendig med supplerande tiltak for å oppnå dette. For desse vassførekomstane er gjennomføring av tiltak utsatt til planperioden 2028-2033.</p> <p>Dette vil ha auka administrative konsekvensar for kommunane (manglande planleggings- og anleggskapasitet) og kan føre til auka kostnader for kommunar og huseigarar i planperioden 2022-2027.</p> |

KU LANDBRUK

Tabell. Betydningen av vannforvaltningsplanen for landbruket i Vestland vassregion.

| | Alternativ 0 | Alternativ 1 (maksimum, utan bruk av unntak) | Alternativ 2 (realistisk, med bruk av §§ 9 og 10) |
|--------------------------------|--|---|--|
| | Næringssalt og jorderosjon | | |
| TILSYN GENERELT | Tilsyn etter ulike aktuelle regelverk er ofte sporadisk, og kommunen har lite ekstra tilsyn. | Kvar kommune set av tilstrekkeleg med ressursar til å handheve aktuelle regelverk. Behov for auka tal stillingar og/eller nedprioritering av andre oppgåver. Nytt nasjonalt regelverk for husdyrgjødsel kan bidra til å auke fokuset og gjere forvaltninga enklare. Landbruksføretaka må finne løysingar for å følgje krava. Krav som er vanskeleg å følgje kan gi auka nedlegging av føretak. | Det blir laga nytt nasjonalt regelverk for husdyrgjødsel. Kommunane har høg prioritering av tilsyn knytt til forureining og bruk av husdyrgjødsel i tilknytning til prioriterte vassdrag / vassførekomstar. |
| SPREIING HUSDYR- GJØDSEL | Ingen kommunar stiller krav for å avgrense spreieing av husdyrgjødsel, og det blir ofte gitt løyve til spreieing om hausten. Trenden mot større driftseiningar og lenger køyreavstand medfør mindre spreieing av husdyrgjødsel på avsides liggande areal, men også fare for overgjødsling nær driftssentra. Vassførekomstar med liten vassføring eller volum, som ligg nær driftssenter kan få dårlegare tilstand, medan vassførekomstar langt frå driftssenter kan bli avlasta. | Kommunane tek mykje omsyn til vasskvalitet når dei vurderer løyve til haustspreieing av husdyrgjødsel. Kommunane nyttar verkemidla dei har til å stille strengare krav til spreieidspunkt og spreieareal der det er behov. På kort sikt vil ei innskjerping av spreiefrist føre til behov for dispensasjon der lager-kapasitet for gjødsel ikkje er tilstrekkeleg eller i år med stor nedbør om hausten. Dette vil medføre større ressursbruk i kommunane til saksbehandling. På lengre sikt vil det vere behov for å auke lagerkapasiteten (sjå eige punkt, nedanfor). | Kommunane tek mykje omsyn til vasskvalitet når dei vurderer løyve til haustspreieing av husdyrgjødsel. Kommunane nyttar verkemidla dei har til å stille strengare krav til spreieidspunkt og spreieareal der det er behov, vurdert opp mot ulempene for landbruksføretaka. Ei viss auke i ressursbruken til saksbehandling i kommunane og i lagerkapasitet må påreknast. |

Tabell. Betydningen av vannforvaltningsplanen for landbruket i Vestland vassregion (framhald).

| | Alternativ 0 | Alternativ 1 (maksimum) | Alternativ 2 (realistisk) |
|--------------------------------|---|--|---|
| | Næringssalt og jorderosjon | | |
| LAGER-KAPASITET OG SMIL-TILTAK | <p>Få landbruksføretak aukar kapasiteten for lagring av husdyrgjødsel. Ved utvida produksjon på eit føretak kan kapasiteten bli dårlegare.</p> <p>Få føretak utfører større erosjonssikringstiltak og hydrotekniske tiltak.</p> | <p>Alle landbruksføretaka aukar lagerkapasitet for husdyrgjødsel til å vere betre enn minimumskravet, for å ha god buffer i drifta. Det er behov for store investeringar, og betre tilskotsmoglegheiter gjennom Innovasjon.</p> <p>Kommunane prioriterer SMIL-tilskot til forureiningstiltak. Dette vil krevje auka SMIL-ramme nasjonalt, og kan truleg i tillegg gå ut over finansiering av andre miljø- og kulturlandskapstiltak i landbruket.</p> | <p>Dei fleste landbruksføretak med areal langs prioriterte vassdrag / vassførekomstar aukar lagerkapasitet for husdyrgjødsel til å vere betre enn minimumskravet. Innovasjon spissar si tilskotsordning mot dette, og kommunane spissar SMIL-tilskot mot dette. Det bør vere auke nasjonal ramme for tilskota. Føretaka utfører òg dei fleste nødvendige erosjonssikringstiltak og hydrotekniske tiltak langs prioriterte vassdrag / vassførekomstar.</p> |
| FRIVILLIGE TILTAK RMP | <p>Landbruksføretaka gjennomfører frivillige tiltak med miljøvennleg spreing av husdyrgjødsel og kantsone i eng i nokre få utvalde område, men utan full oppslutting.</p> | <p>Det er betre utforming av tilskotsordningar i regionalt miljøprogram (RMP) og større oppfølgingsarbeid, slik at det er god oppslutting om frivillige tiltak med miljøvennleg gjødselspreing og kantsone i eng langs alle vassdrag med behov. Behov for betre tekniske nasjonale løysingar i samanheng med RMP og ressursar i kommunane til å kontrollere at midlane blir rett brukt.</p> | <p>Det er god oppslutting om frivillige tiltak med miljø-vennleg gjødselspreing og kantsone i eng langs dei fleste vassdrag med behov. Det er regionale miljøtilskot til dette for alle vassdrag / vassførekomstar med behov.</p> |
| RESULTAT MILJØMÅL | <p>Miljømål i vassdrag påverka av landbruk blir ikkje følgt opp i kommande planperiode.</p> | <p>Det blir utført tilstrekkelege tiltak for å nå miljømåla i kommande planperiode.</p> | <p>Prioriterte, gjennomførbare og kostnadseffektive tiltak blir gjennomført i forsøk på å nå miljømåla i kommande planperiode. Grunna forseinka effekt av redusert fosfor-tilførsle kan det likevel gå lang tid før ein når miljømåla.</p> |

Tabell. Betydningen av vannforvaltningsplanen for landbruket i Vestland vassregion (framhald).

| Alternativ 0 | Alternativ 1 (maksimum) | Alternativ 2 (realistisk) |
|--|--|--|
| Rådgiving jordbruk | | |
| Informasjon om miljøvennlige driftsmåtar er del av kommunens vanlege informasjonsarbeid knytt til regelverk og tilskotsordningar, og i liten grad målretta mot vassdrag og føretak der behovet er størst. | I tillegg til generell informasjon har kommunen gruppe-rådgiving med motivasjonsarbeid samt individuell rådgiving på føretaksnivå langs alle vassdrag med behov for landbrukstiltak. Dette vil krevje vesentleg større bruk av ressursar i kommunane ved auka tal stillingar og/eller innleigd konsulenthjelp. | Kommunane har målretta motivasjons- og oppfølgingsarbeid mot dei føretaka som det er mest ønskjeleg å få med på frivillige ordningar. Det må i tillegg vere auka fagleg rådgiving knytt til å finne løysingar i drifta. Dette vil krevje noko større bruk av ressursar i kommunane ved auka tal stillingar og/eller innleigd konsulenthjelp. |
| Plantevernmiddel | | |
| Bruk av plantevernmiddel skal vere etter prinsippa for integrert bekjemping og omsyn til vassmiljø, jmf krav til plantevernjournal. Det er likevel truleg noko manglande kunnskap og gjennomføring. | Det er meir økologisk frukt- og bær dyrking, meir bruk av integrerte metodar og betre vurderingar i høve til vassmiljø. | Det er meir rådgiving om integrert bekjemping og omsyn til vassmiljø i alle kulturar, slik at det blir betre effekt for vassmiljø. |
| Restaurering i jordbruksvassdrag | | |
| Restaurering er frivillige tiltak, og blir gjennomført i særskilt liten grad då det oftast gir ulemper i jordbruksdrifta og tilskot sjeldan dekkjer alle kostnader. Evt. tiltak tek utgangspunkt i grunneigars engasjement og ikkje kva som er viktig for vassmiljø. | Kommunane tek initiativ og gjer prosessararbeid for at føretak skal gjenopne lukka bekker, gjenskape gamle vasslaup og etablere kantsone med naturleg vegetasjon på alle elvestrekk der dette er prioritert. Det må vere gode tilskotsordningar for slike tiltak, og behov for auka SMIL-ramme. | Fylkesmannen, Fylkeskommunen og kommunane utarbeider prioriteringsliste. Kommunane følgjer opp dei viktigaste tiltaka for å prøve å få føretak til å gjennomføre tiltak. Slike tiltak må bli prioritert i SMIL. |
| Skogbruk | | |
| Kommunen har lite høve til å føre tilsyn med drift og avvirking. Det blir heller ikkje sett vilkår utover minimumskrav. | Kommunane har innført meldeplikt for hogst og andre skogbrukstiltak nær alle sårbare vassdrag, og set nødvendige vilkår ved tiltak. | Kommunane har innført meldeplikt for hogst og andre skogbrukstiltak nær alle vassdrag med elvemusling, og set nødvendige vilkår ved tiltak. |
| Andre tiltak | | |
| Oppsamling og returordning for landbruksplast fungerer ikkje godt nok, og noko plast kjem på avvege. | Føretak har gode rutinar for oppsamling av plast, og det er godt system for innlevering og retur. Dette medfør behov for auka ramme for retursystema, med fleire mottak m.m. | Føretak har gode rutinar for oppsamling av plast, og det er godt system for innlevering og retur. Dette medfør behov for auka ramme for retursystema, med fleire mottak m.m. |